

Garden Saur (Sandfjord) i Lebesby

Folk flytta på seg før i tida også, for eksempel på 1800-talet. Fram til 1910 hadde rundt ein tredel av folket emigrert til Amerika, mens andre våga seg nordetter for å prøve å brødfø seg og sine langt nord. Mellom 1830 og 1875 var det gode prisar på fisk, og fisket nordpå blomstra opp. Mange som berre med nød og neppe skaffa føda til seg og sine på heimgardane, prøvde lykka nordpå. Tippoldefar og tippoldemor var to slike. Dei flytta nordover om lag som er skissert under Gamvik, og frå Gamvik til Kjøllefjord i Finnmark.

Ei anerekke

Morfar (født i Kjøllefjord, Lebesby) •~ Karl Johan Johnsen (født i Gamvigs sokn), gift med Pernille Helene Johnsen (født Pedersdatter, født i Salten) •~ John Olsen Saur, gift med Karen Gautsdatter Storvedde (frå Nærøy i Namdalen) •~ Ole Johnsen Saur (Saur i Steinkjer), osv.

Dei flytta på seg. Gardsnamnet Saur finn ein att i namn lenger bak i anerekka her, og stammar då frå garden Saur i dagens Steinkjer. Garden Saur/Sandfjord i Finnmark kan ein knyte til *tippoldefar John Olsen*, som flytta dit etter at tippoldemor Karen døydde. Då tok tippoldefar John Olsen Saur med seg to av barna til *garden Sandfjord (Saur) i Lebesby* og fekk to barn til med andrekona si der. I huset var også ein losjerande fiskar og ei tenestejente.

Oldefar blei født før den tid, i Gamvik sokn i Tana prestegjeld, og budde i Gamvik ei tid. Men i 1875-teljinga for Lebesby står oldefar oppført som eigar av garden Saur (Sandfjord, gnr 12) i Kjelsvik, Lebesby. Han var då husfar, gift fiskar og sjølveigar av eit gardsbruk med to kyr, kalv og ti sauar. Han og oldemor var om lag like gamle. Ho var frå Rørstad i Salten, Nordland. Familien hadde to små barn i 1875, og dessutan budde halvbror til oldefar saman med dei som pleiebarn. Familien hadde ein tenestekar, og svigermor til Karl hadde flytta ifrå dei til Kifjord. Søstrene hans kan ha søkt teneste andre stadar.

"Fiskehavet utenfor værene ble delt inn i linesett for hvert enkelt båtmannskap, oftest med en rettighetsmann som høvedsmann og setteier", skriv Einar Niemi i *Vadsø's historie* band 1. 27. Oldefar var rettighetsmann. Og han drukna.

År 1900 budde det ingen i Sandfjorden lenger. Oldefar og oldemor var enten daude eller flytta ut av kommunen. Eine dottera var no gift i Skjøtningberg, med tre barn. Ho fekk stor etterslekt. Den yngste sonen gifta seg i Sør-Trøndelag og fekk familie der. Ei dotter derifrå gifta seg med ein kar frå Kvasnes på Sula i dåverande Borgund på Sunnmøre.

Frå dette:

- Dess lenger nordover ein flyttar, dess tyngre kan det bli berre å overleve.
- Fiske kan ein drukne av, også som rettighetsmann, og det kan bli låkt for etterlatne.
- Gardane kan vere så ulike. Somme, som Gamvik, blir museumsområde, på sett og vis daude. Andre blir forlatne utan å bli museum: Sandfjord er no blitt freda, naturverna område.